



Arkivnr: 2018/10713-3

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	90/18	15.08.2018
Utval for miljø og samferdsel		05.09.2018
Fylkesutvalet		19.09.2018

Omklassifisering av vegar i Bømlo kommune**Samandrag**

Det har vorte bygd mange nye fylkesvegar i nye trasear i Bømlo kommune dei siste åra gjennom Bømlopakken. Ut frå gjeldande retningslinjer vil fylkesrådmannen no tilrå å omklassifisere gamlevegen til kommunal veg på fleire strekningar og at nokre strekningar av gamlevegen vert nedlagt som offentleg veg.

Strekningane dette gjeld er:

- Fv.541 Langevåg – Løvegapet
- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika)
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle)
- Fv.541 Stokkabekken – Brubakken – Kattahola
- Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen
- Fv.14 Stavland Bjødledalen
- Fv.18 Goddo
- Fv.19 Rolvsnesvegen

Det er blitt gjennomført synfaring på alle strekningane som er aktuell til å verte omklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg for å avklare kva som må utbetrast før overtaking. Totalt har Statens vegvesen kalkulert utbetringane til å koste 2-3 mill. kr.

Statens vegvesen har utarbeida høyringsbrev for alle dei aktuelle strekningane og uttale frå Bømlo kommune kjem fram i saksframstillinga. Det går fram av veglova at det er Hordaland fylkeskommune som gjer endelig vedtak om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg og nedlegging av offentlig veg når denne er fylkesveg.

Gjennomgangen i saksgrunnlaget nedanfor viser nærare kva strekningar det gjeld, tilrådinga frå Statens vegvesen, uttale frå Bømlo kommune og fylkesrådmannen si tilråding. På dei to strekningane der Bømlo kommune har gått imot tilrådinga frå Statens vegvesen har fylkeskommunen og Statens vegvesen hatt ein dialog med kommunen og sakene er drøfta i Fylkesvegrådet og Kontaktutvalet for Bømlopakken. Med dette som utgangspunkt har fylkesrådmannen kome med si tilråding.

Økonomi: Utbetring av dei aktuelle vegane før kommunen skal ta over er kalkulert til å koste 2-3 mill. kr. Vegar som vert omklassifisert til kommunal veg vil bli trekt ut av sum km fylkesveg som er eit av kriteria ved utrekning av rammeoverføring til fylkeskommunen, men dette skal i teorien gå opp i opp med at fylkeskommunen ikkje får drifts- og vedlikehaldskostnadar på vegane som vert omklassifisert.

Klima: Ingen konsekvens

Folkehelse: Ingen konsekvens

Regional planstrategi: Ingen konsekvens

Forslag til innstilling:

Følgjande strekkingar vert omklassifisert til kommunal veg:

- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 5,382 – 6,014 lengde 632 meter.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 8,650 – 9,907 lengde 1257 meter og ft.541 hp 5 km 11,860 – 12,828 lengde 968 meter.
- Fv 541 ved Brubakken, Ft.541 hp 10 km 1,291 – 1, 991 lengde 700 meter.
- Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen, Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778 lengde 7703 meter, Fv.541 hp 8 km 2,760 – 3,496 lengde 736 meter, Fv.542 hp 55 km 0 – 0,237 lengde 237 meter og Fv.542 hp 56 km 0 – 0,053 lengde 53 meter.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,317 – km 1,960 lengde 643 meter.
- Fv.18 Goddo, Ft.18 hp 2 km 0,000 – 0,787 lengde 787 meter.
- Fv.19 Rolfsvegen, Fv.19 hp 3 km 6,856 – 6,894 lengde 38 meter.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegstrekningane ovanfor vert overlevert til Bømlo kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglova §7 fjerde ledd og i samsvar med synfaring gjennomført 24. mars 2017 og 19. og 21. september 2017 med representantar frå Bømlo kommune og Statens vegvesen.

Følgjande strekkingar vert nedlagt som offentlig veg:

- Fv.541 Langevåg – Løvegapet, Fg.541 hp 205 km 2,795 – 3,817 lengde 1022 og Fg.541 hp 5 km 3,820 – 4,201 lengde 381 – totalt 1403 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 4,704 – 5,328 lengde 624 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 7,473 – 8650, lengde 1177 meter og ft.541 hp 5 km 11,202 – 11,860 lengde 658 meter og ft.541 hp 5 km 9,907 – 10,399 lengde 492 meter – totalt 2327 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,000 – km 1,279 lengde 279 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg.

Nasjonal sykkelrute nr. 1 – Kystruta og EuroVelo sykkelrute nr 12. – Nordsjøløypa vil som følgje av at vegane ovanfor blir nedlagt som offentlig veg følgje ny vegtrasé ved omklassifisering av fv.541-Bømlavegen.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Fagleg grunnlag frå SVV 15.05.2018 - samandrag tilråding omklassifisering
- 2 Uttale frå Bømlo kommune
- 3 Fv.541 - Langevåg - Løvegapet, Høyringsbrev frå SVV
- 4 Fv541 - Løvegapet - Tjong, Høyringsbrev frå SVV
- 5 Fv.541 - Tjong - Hestaneset (Holme og Grutle), Høyringsbrev frå SVV
- 6 Fv. 541 - Stokkabekken - Brubakken - Kattahola, Høyringsbrev frå SVV
- 7 Fv.542 - Stokkabekken - Siggjarvågen, Høyringsbrev frå SVV
- 8 Fv.14 - Stavland Bjødledalen, Høyringsbrev frå SVV
- 9 Fv.18 - Goddo, Høyringsbrev frå SVV
- 10 Fv.19 - Rolvsnesvegen, Høyringsbrev frå SVV

Fylkesrådmannen, 25.06.2018Bakgrunn

I samband med Bømlopakken blir store deler av vegnettet i Bømlo kommune rusta opp og det er fleire stadar valt ny trase. Som følgje av vegutbygginga er det nødvendig å gjere endringar på klassifiseringa av vegnettet som blir erstatta med ny veg. Strekningane dette gjeld er;

- Fv.541 Langevåg – Løvegapet
- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika)
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle)
- Fv.541 Stokkabekken – Brubakken – Kattahola
- Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen
- Fv.14 Stavland Bjødledalen
- Fv.18 Goddo
- Fv.19 Rolvsnesvegen

Fagleg grunnlag frå SVV, synfaring og nødvendig tiltak

Det er blitt gjennomført synfaring på alle strekningane som er aktuell til å bli omklassifisert frå fylkesveg (FV) til kommunal veg (KV). Synfaringane har blitt gjennomført 24. mars 2017 og 19. og 21. september 2017 med representantar frå Bømlo kommune og Statens vegvesen. NA-rundskriv nr. 97/13 – «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres – ikrafttredelse av vegloven §7» leggast til grunn for kva som må utbetrast før endeleg vedtak trer i kraft. Vedlagt saka følgjer fagleg vurdering frå Statens vegvesen på omklassifisering av aktuelle strekningar og kva som må utbetrast før overtaking. Det vil også bli gjennomført sluttbefaring med representantar frå Bømlo kommune før kommunen formelt tar over ansvaret for vegstrekningane.

Kopi av tabell frå fagleg grunnlag frå SVV som viser kalkulerte kostnadar til utbetringane på dei aktuelle strekningane som må gjerast før overtaking:

Vegstrekning	Estimerte kostander (uten mva)
Fv.541 - Løvegapet - Tjong (Vika)	587 500 kr
Fv.541 - Tjong - Hestaneset (Holme og Grutle)	384 150 kr
Fv.541 - Kattahola	86 120 kr
Fv.541 - Brubakken - Innvær	650 000 kr
Fv.541 - Stokkabekken - Brubakken	173 500 kr
Fv.542 - Stokkabekken - Siggjarvåg	582 000 kr
Fv.14 - Stavland - Bjødledalen	86 250 kr
Fv.18 - Goddo	40 000 kr
Fv.19 - Rolvsnes	15 000 kr
Totalt	2 604 520 kr (Inkl. 10 % = 2 869 040 kr)

Som det kjem fram av saka tilrår fylkesrådmannen å omklassifisere berre ein mindre del av vegstrekninga Stokkabekken – Brubakken – Kattahola til kommunal veg. Ein stor del av kostnadane til utbetring av desse konkrete strekningane i tabellen ovanfor kan derfor trekkast ut om innstillinga frå fylkesrådmannen vert vedtatt. Totale kalkulerte kostnadar ein står att med vil då kome på om lag 2 mill. kr ekskl. mva, men det er ein viss usikkerheit med kalkylen og tilstanden kan ha blitt dårlegare fram til utbetringa skal gjennomførast.

Saksgang og uttale frå Bømlo kommune

Det går fram av veglova at det er Hordaland fylkeskommune som gjer endelig vedtak om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg og nedlegging av offentlig veg. Statens vegvesen har sendt høringsbrev til Bømlo kommune og kommunen har kome med uttale som er lagt ved saka. Bømlo kommune går imot at vegstrekningane Fv. 542 Stokkabekken – Siggjarvåg og Fv. 451 Stokkabekken –

Brubakken – Katthola vert omklassifisert til kommunal veg. Statens vegvesen har gjeve tilsvar på uttale frå Bømlo kommune.

I vedlegg 1 i denne saka tar Statens vegvesen for seg kvar enkelt strekning, kva uttale Bømlo kommune har kome med, eventuelt tilsvar og Statens vegvesen si tilråding. I gjennomgangen nedanfor er dette tatt med saman med fylkesrådmannen si tilråding. På dei strekningane der Bømlo kommune har gått imot tilrådinga frå Statens vegvesen har fylkeskommunen og Statens vegvesen hatt ein dialog med kommunen og sakene er drøfta i Fylkesvegrådet og Kontaktutvalet for Bømlopakken.

Gjennomgang av kvar enkelt strekning med oversiktskart, uttale og tilråding

Fv.541 – Løvegapet – Tjong (Vika)



**FV. 541 hp 5 km 5,382 – 6,014,
lengde 632 meter**

Om lag 1150 meter av vegen vert lagt i ny trasé. Det er etablert kryss mellom ny og gamal veg både i nord (nord for Vika) og sør (ved Løvegapet).

I Vika-området er det ein del busetnad, og det vil vere naturleg at vegen nord for Vika, kor det er busetnad, vert omklassifisert til kommunal veg

Statens vegvesen tilrår at Fv.541 hp 5 km 5,382 – 6,014 lengde 632 meter blir omklassifisert til kommunal veg.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.541 – Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle)

Strekninga mellom Hestaneset og Tjong opna i 2016. På dette strekket er om lag 2650 meter utbetring av eksisterande veg, medan om lag 2420 meter er ny trasé, fordelt på to strekningar. I begge sløyfene av gamal veg er det etablert kryss med fylkesvegen i nord, og i utgangspunktet ikkje lagt til rette for gjennomkøyring i sør. Vegane har funksjon som tilkomst til busetnad som er plassert nord i begge sløyfene.

Statens vegvesen tilrår at Ft. 541 hp 5 km 8,650 – 9,907 lengde 1257 meter og ft.541hp 5 km 11,860 – 12,828 lengde 968 meter - totalt 2225 meter blir omklassifisert til kommunal veg. Strekningane er vist på karta nedanfor.



FT. 541 hp 5 km 8,650 – 9,907,
lengde 1257 meter



FT. 541 hp 5 km 11,860 – 12,828,
lengde 968 meter

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.541 – Stokkabekken – Brubakken – Kattahola

Statens vegvesen tilrådte i utgangspunktet at denne vegstrekninga, totalt 3005 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

Uttale frå Bømlo kommune:

«Den aktuelle vegstrekninga fyller rolla som gang- og sykkelveg for fylkesvegen som nesten går parallelt. I si tid var det ein føresetnad for ikkje å bygge gang- og sykkelveg i samband med ny fylkesveg at dagens fylkesveg skulle vere gang- og sykkelveg. I tillegg går alle bussruter i området på denne strekninga.

Bømlo kommune kan ikkje akseptere framlegget til vedtak.»

Fylkesrådmannen sine vurderingar:

Tilrådinga frå Statens vegvesen og uttale frå Bømlo kommune er drøfta i Fylkesvegrådet og Kontaktutvalet for Bømlapakken. Det vert no til grunn at det var ein føresetnad for å ikkje bygge gang- og sykkelveg langs den nye fylkesvegen at gamlevegen skulle fylle funksjon som gang- og sykkelveg. Ut frå gjeldande retningslinjer i handbok N300 kan ikkje gamlevegen skiltast/merkast som gang og sykkelveg, slik som det kjem fram av det faglege grunnlaget til Statens vegvesen. Gang- og sykkelveggar kan kunn skiltast dersom trafikken på vegen svara til 10 eller færre bueiningar. Dette er ikkje tilfelle på dei aktuelle strekningane. Ei omklassifisering til gang- og sykkel veg vil også endre driftsstatus for strekningane som mellom anna fører til redusert vinterdrift.

Ut frå ei totalvurdering tilrår fylkesrådmannen å behalde mesteparten av vegstrekninga som fylkeskommunal køyreveg. Berre vegstrekninga ved Brubakken ned til industriareal vert tilråda omklassifisert til kommunal veg. Oversiktskartet nedanfor viser då at ein får ei samanhengande fylkeskommunal vegstrekning som i tillegg til tilkomstveg til bustadane kan fylle funksjonen som gang- og sykkelveg.

Oversiktskart som viser dei aktuelle vegstrekningane:



Fylkesrådmannen si tilråding:

Strekninga Stokkabekken frå ft.541 hp 10 km 0 – 1, 290 – Innværvægen, ei strekning på om lag 1290 meter vert beholden som fylkeskommunal veg. Tilhøyrande vegarm mellom ny og gamal fylkesveg ft.541 hp 50 km 0 – 175 – totalt 175 meter tilrår fylkesrådmannen også vert liggjande som fylkeskommunal veg.

Strekninga ved Katthola, totalt 828 meter vert beholden som fylkeskommunal veg. Dette gjeld følgjande delstrekningar: Fg.541 hp 210 km 2,311 – 2, 448 på 137 meter, Fg.541 hp 10 km 2,437 – 2, 495 på 58 meter og Ft.541 hp 10 km 2, 3 04 – 2, 937 på 633 meter.

Vegstrekninga Brubakken frå ft.541 hp 10 km 1,291 – 1, 991 – ei lengde på totalt 700 meter vert omklassifiserast til kommunal veg.

Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen

Statens vegvesen tilrår at totalt 8729 meter blir omklassifisert til kommunal veg som gjeld følgjande strekningar: Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778, lengde 7703 meter, Fv.541 hp 8 km 2,760 – 3,496, lengde 736 meter, Fv.542 hp 55 km 0 – 0,237, lengde 237 meter, Fv.542 hp 56 km 0 – 0,053, lengde 53 meter

Uttale frå Bømlo kommune:

«Bømlo kommune aksepterer ikkje framlegg til vedtak når det gjeld omklassifisering av dagens fylkesvegnett. Det meste av tungtransporten vil vere bussar som utgjør fylkeskommunal transport. Ein slik veg må vere fylkeskommunal. Vi vil i nærare dialog om denne vegen.»

Bømlo kommune har ingen merknader til den delen av framlegg til vedtak som gjeld tilførselsvegar mellom ny og gamal veg. Samla fører dette til omklassifisering av 1026 meter veg til kommunal veg.»

Tilsvar frå Statens vegvesen:

I sitt tilsvar vektlegg Statens vegvesen at det i planomtalen står at når den nye vegtraseen for fv.542 Stokkabekken – Siggjarvåg blir opna, vil den gamle vegtraseen ha funksjon som lokalveg og bli omklassifisert til kommunal veg. I reguleringsplan (ID:201213) for fv.542 – Stokkabekken – Siggjarvåg utarbeida av Norconsult i 2013 står det følgjande på side 23. kapittel 3 – skildring av planen pkt. 3.6 «Endra avkøyrslar og køyremønster»:

«Ved etablering av ny vegtrasé mellom Stokkabekken og Siggjarvåg vert det for busetnad langs gamlevegen ei endring av køyremønster. Den nye vegen vert avkøyrselfri, og på- og avkøyring til ny veg vert lagt til dei nye kryssområda ved Stokkabekken, Ekornsæter, Skogadalen/Foldrøy og Siggjarvåg.»

Eksisterande fylkesveg 542 vil fungere som lokalveg, og vert på sikt omklassifisert til kommunal veg.»

Generelt har Statens vegvesen vektlagt at etter den nye fylkesvegen vart opna i juni 2017 har gamlevegen primært hatt funksjon som tilkomstveg til bustadar.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.14 – Stavland Bjødledalen

Prosjektet fv.14 Stavland – Bjødledalen omfattar bygging av om lag 1,2 km ny veg, som delvis følgjer eksisterande vegtrase, samt bygging av gang- og sykkelveg.



Veg markert med grøn farge på kart til venstre viser fv.14 hp 1 km 1,317 – km 1,960 på 643 meter. I aust ender sløyfa i gang- og sykkelvegen langs ny fylkesveg, og fungerer som tilkomst for mjuka trafikantar. I vest er det bygd eit nytt kryss med fv.14. Vegen fungerer mellom anna som sambindingsveg mellom kommunal veg, Søvollvegen, og ny fylkesveg 14, tilkomst til bustadområdet på Stavland og tilkomst til pumpestasjon i austre del. Etter Statens vegvesen si vurdering er dette funksjonar som tilseier at vegen bør ha status som kommunal veg.

Statens vegvesen tilrår at Fv.14 hp 1 km 1,317 – km 1,960 lengde 643 meter blir omklassifisert til kommunal veg.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.18 – Goddo

Ft.18 hp 2 km 0,000 – 0,787


I 2015 vart deler av fv.18 på Goddo utbetra. Ved Myra/Klubbo vart vegen lagt i ny trasé. Vegsløyfa som ligg igjen etter at ny trasé opna er 787 meter. Det er 11 adresser knytt til denne vegen, der det er fastbuande i 4 av desse bygningane. Totalt grensar 19 grunneigedomar til vegen.

I planomtalen til reguleringsplanen for den nye vegen, er det lagt til grunn at vegen skal omklassifiserast til kommunal veg når ny veg opna.

Statens vegvesen tilrår at Ft.18 hp 2 km 0,000 – 0,787 lengde 787 meter blir omklassifisert til kommunal veg.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.19 – Rolvsnesvegen

Fv.19 - Rolvsnesvegen er tilkomst til Rolvsnes, den nordlegaste bygda på austsida av Bømlo. Bussen har snusløyfe og endestasjon her. Etter snusløyfa ligg det ein fylkesvegarm på 38 meter. Vegen er tilkomst til bustadområder, naust og kai, og fungerer som ein intern veg. Fylkesvegarmen ligg på Bømlo kommune sin eigedom. Eigarskapet til Hordaland fylkeskommune går til og med snusløyfa. Eigedomsgrensa er ein naturleg avgrensing av fylkesvegen.

Statens vegvesen tilrår at Fv.19 hp 3 km 6,856 – 6,894 lengde 38 meter blir omklassifisert til kommunal veg.

Uttale frå Bømlo kommune:

«Bømlo kommune har ikkje merknad til framlegg til vedtak sidan vegen går på kommunal grunn. Elles er det lite hensiktsmessig for kommunen å ha 38 meter kommunal veg på Rolvsnes, men legg til grunn at vi kan samarbeid om vintervedlikehald.»

I tilsvar frå Statens vegvesen står følgjande:

«Den ytterste delen av Rolvsnesvegen på 38 meter fungerer som intern veg med tilkomst til boliger/fritidsboliger, naust og småbåthavn. Den ytterste delen av snusløyfen på 38 meter ligger på Bømlo kommune sin eiendom og Hordaland fylkeskommune sin eiendomsgrense går til og med snusløyfen. Eiendomsgrensen er en naturlig avgrensing av fylkesvegen samt at de 38 meterne er en naturlig del av den

kommunale vegen Kvednavegen som har en lengde på ca. 270 meter. Ved omklassifisering av de 38 meterne vil den kommunale Kvednavegen ha en lengde på ca. 310 meter.

Hensikten ved å omklassifisere 38 meter med veg er for å rydde opp i vegstatusen for fv.19. Vi vil derfor ikke anbefale at det blir lagt til grunn samarbeid om vintervedlikehold av en vegstrekning på 38 meter, da dette vil unødvendig komplisere vintervedlikeholdet av denne strekningen. Bømlo kommune har ansvar for vintervedlikehold på 270 meter av den kommunale Kvednavegen. Vi finner ikke at 38 meter ekstra veg på Kvednavegen vil måtte medføre behov for et samarbeid om vintervedlikehold på denne strekningen.

For å hindre eventuelle framtidige misforståelser omkring vintervedlikeholdet vil Statens vegvesen tilråde at den ytterste delen av fv.19 – Rolvsnesvegen på 38 meter blir omklassifisert til kommunal veg og at vintervedlikeholdet følges opp av Bømlo kommune.»

Med utgangspunkt i grunngjevinga i tilsvaret frå Statens vegvesen støttar fylkesrådmannen tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fylkesvegar som vert tilråda nedlagt som offentleg veg

Aktuelle grunneigarar der fylkesvegar vert foreslått nedlagt som offentlig veg er blitt kontakta av Statens vegvesen og har fått moglegheit til å gje tilbakemelding. Eventuelle brukarar av veg som vert lagt ned som offentlig veg vil sjølv ha ansvar for vegvedlikehald på den aktuelle strekningen. Det er ikkje krav om å utbetre vegstrekningar som vert nedlagt som offentlig veg. Det vil derfor ikkje vere utgifter knytt til slik omklassifisering.

Fv.541 – Langevåg – Løvegapet



FG. 541 hp 205 km 2,795 – 3,817,
lengde 1022 meter



FG. 541 hp 5 km 3,820 – 4,201,
lengde 381 meter

Strekninga frå Langevåg til Løvegapet vart opna i 2008. Den nye vegen er ein tofeltsveg med fartsgrense 80 km/t utan eige tilbod til mjuke trafikantar. Om lag 1120 meter av vegen er bygd som ny veg. Den gamle vegen ligg som to sløyfer, ei på 1022 meter på austsida og ei på 381 meter på vestsida av den nye fv.541, sjå kart under. Dei to sløyfene er registrert som fylkeskommunal gangveg (FG) i Nasjonal vegdatabank (NVDB).

Som følgje at det er ingen busetnad langs desse strekningane, kan Statens vegvesen ikkje sjå at det føreligg interesser som tilseier at vegen skal vere offentleg. Statens vegvesen tilrår derfor at Fv.541 – Langevåg – Løvegapet Fg.541 hp 205 km 2,795 – 3,817 lengde 1022 og Fg.541 hp 5 km 3,820 –

4,201 lengde 381 – totalt 1403 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen synspunkt på framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.541 – Løvegapet – Tjong (Vika)



Sør for Vika er det få grunneigarar, men vegen fungerer mellom anna som tilkomst til skytebane. Statens vegvesen tilrår at vegen vert lagt ned som offentlig veg, og lagt ut til privat bruk der Hordaland fylkeskommune framleis står som grunneigar, sjå kart ved sidan av.

**FV. 541 hp 5 km 4,704 – 5,328,
lenade 624 meter**

Statens vegvesen tilrår at Fv.541 hp 5 km 4,704 – 5,328 lengde 624 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Fv.541 – Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle)

Vegane nord i begge sløyfene vist på kart nedanfor har funksjon som tilkomst til busetnad og er tidlegare i denne saka tilrådd omklassifisert til kommunal veg. I sør har ikkje vegane anna funksjon enn tilkomst til landbrukseigedomane. Desse strekningane er markert med svart farge på karta nedanfor. Statens vegvesen tilrår, som vist tidlegare i saka, å omklassifisere dei nordlegaste strekningane med busetnad til kommunal veg. Dei sørlege strekningane tilrår Statens vegvesen å leggje ned som offentlig veg og leggje dei ut til privat bruk der Hordaland fylkeskommune framleis står som grunneigar.



FT. 541 hp 5 km 7,473–8,650,
lengde 1177 meter



FT. 541 hp 5 km 11,202–11,860,
lengde 658 meter




FT. 541 hp 5 km 9,907–10,399,
lengde 492 meter

Statens vegvesen tilrår at Ft.541 hp 5 km 7,473 – 8650 lengde 1177 meter og ft.541 hp 5 km 11,202 – 11,860 lengde 658 meter og ft.541 hp 5 km 9,907 – 10,399 lengde 492 meter – totalt 2327 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådingane frå Statens vegvesen.

Fv.14 – Stavland Bjødledalen



Sløyfa vist på kart til høgre; Ft. 14 hp 1 km 1,000 – km 1,279 lengde 279 meter fungerer som tilkomstveg til 6 bustader, samt fritidseigedom, jordbruksareal og utmark. I vest endar sløyfa i gang- og sykkelveg, og er såleis sperra for gjennomkøyring. Strekinga mellom siste bustad og gang- og sykkelveg fungerer kunn som tilkomst til areala.

Statens vegvesen tilrår at Ft.14 hp 1 km 1,000 – km 1,279 lengde 279 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg.

Uttale frå Bømlo kommune; Ingen merknad til framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga frå Statens vegvesen.

Konsekvensar for Nordsjøløypa

Nasjonale sykkelrute nr. 1 – Kystruta og EuroVelo sykkelrute nr 12. – Nordsjøløypa vil som følge av at vegane ovanfor blir nedlagt som offentlig veg følge ny vegtrasé ved omklassifisering av fv.541-Bømlavegen.